

# Eksamen

26.11.2019

LBR3002 Utmark og kulturlandskap

**Programområde:** Landbruk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Det blir lagt vekt på at kandidaten har oversikt over lover, forskrifter og regelverk som er aktuelt for temaet.</p> <p>Det blir og lagt vekt på forståinga for korleis tiltak i naturen verkar inn på økosystemet.</p>

## Oppgave 1

Du har ansvar for ein landbrukseigedom. Eigedommen er ein aktivt drive jord- og utmarkseigedom med eit verdifullt og mangfaldig kulturlandskap. Eigedommen er attraktiv som rekreasjonsområde og blir mykje brukt av lokalbefolkninga.

- a) Vel eit område på eigedommen og beskriv viktige element med tanke på biologisk mangfald, kulturhistorie og friluftsliv.
- b) Beskriv kva for verkemiddel som er aktuelle for ei heilskapleg forvaltning og drift av kulturlandskapet.

## Oppgave 2

Du er grunneigar på ein utmarkseigedom med jakt- og fiskerettar. Eigedommen er knytt til eit grunneigarlag som forvaltar jakt- og fiskerettane. I grunneigarlaget sitt område er det fleire mindre hyttefelt og eit stort nettverk av turstiar. Området er populært og blir mykje brukt av lokalbefolkninga og turistar.

- a) Korleis kan du som grunneigar, saman med grunneigarlaget, utnytte eigedommen din – utan å skape konflikt med andre interesser?
- b) Beskriv kva for styringsdokument (lover og reglar) som er aktuelle for denne problemstillinga.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Det blir vektlagt at kandidaten har oversikt over lover, forskrifter og regelverk som er aktuelt for temaet.</p> <p>Det blir også vektlagt forståelsen for hvordan tiltak i naturen virker inn på økosystemet.</p>

## Oppgave 1

Du har ansvar for en landbrukseiendom. Eiendommen er en aktivt drevet jord- og utmarkseiendom med et verdifullt og mangfoldig kulturlandskap. Eiendommen er attraktiv som rekreasjonsområde og blir mye brukt av lokalbefolkningen.

- a) Velg et område på eiendommen og beskriv viktige elementer med tanke på biologisk mangfold, kulturhistorie og friluftsliv.
- b) Beskriv hvilke virkemidler som er aktuelle for en helhetlig forvaltning og drift av kulturlandskapet.

## Oppgave 2

Du er grunneier på en utmarkseiendom med jakt- og fiskerettigheter. Eiendommen er tilknyttet et grunneierlag som forvalter jakt- og fiskerettighetene. I grunneierlagets område er det flere mindre hyttefelt og et stort nettverk av turstier. Området er populært og brukes mye av lokalbefolkningen og turister.

- a) Hvordan kan du som grunneier, sammen med grunneierlaget, utnytte eiendommen din – uten å skape konflikt med andre interesser?
- b) Beskriv hvilke styringsdokumenter (lover og regler) som er aktuelle for denne problemstillingen.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)